

Høyringsvar om mjølke kvalitet og betalingsregelverk

Sogn og Fjordane Sau og Geit har ei geitegruppe som arbeider med saker som gjeld geita. Ragnvald Søgnesand, Sigurd Vikesland, Vidar Sandal, Ingolf Folven og Jo Risløv sit i geitegruppa. Me har drøfta høyringsnotatet frå Tine Råvare, og på vegne av Sogn og Fjordane Sau og Geit sender me fylgjande svar:

Bakterieinnhald i mjølk

Det er forslag om at geitemjølka skal kontrollerast for bakteriar med Bactocount i staden for dagens manuelle analysemetode. Me vil fråråda ei slik endring av analysemetode, med mindre den nye metoden er testa regelmessig opp mot noverande manuelle metode i minimum eit år, med gode resultat. Ny analysemetode må fasast inn og syna seg å fungera, før me kan tilrå å endra grensene for bakterietal på geitemjølkk. I ein overgangsperiode på eitt år bør geitemjølksprodusentane få tilsendt analyseresultat etter både dagens analysemetode og ny analysemetode, slik at dei veit korleis dei ligg an ut frå ny analysemetode for bakterietal. Ut frå denne parallelltestinga må grensene etter ny analysemetode setjast slik at dei samsvarar med grensene etter dagens analysemetode. Når me ser at den nye analysemetoden fungerer for geitemjølkk, kan me diskutera om grensene for bakterietal i geitemjølkk kan endrast. Me er i mot å endra både analysemetode og grenser samstundes.

Frie feittsyrer i geitemjølkk

Tine ynskjer mjølkk med lågare innhald av frie feittsyrer. 90% av all geitemjølkk inneheld allereie i dag mindre frie feittsyrer enn det TM Ørsta og TM Haukeli har sett som grenseverdiar i høyringsnotatet. Frie feittsyrer ser såleis ikkje ut til vera noko stort problem for Tine. Det er heller ikkje lenge sidan grensa for frie feittsyrer i elitemjølkk vart redusert frå 1,7 til 1,3. Frie feittsyrer i mjølka er påverka av både avl og føring av geitene, noko geitebonden ikkje har høve til å gjera noko med over natta. Me er samde i at grensa for frie feittsyrer i elitemjølkk bør reduserast, men det må ikkje skje for fort, slik at geitebøndene får tid å tilpassa seg. Me føresler at grensa for frie feittsyrer i elitemjølka kan setjast ned til 1,2 mmol/ml mjølkk frå 01.01.2017. Ytterlegare innstramming må takast på eit seinare tidspunkt.

Sporedannande bakteriar

Geitemjølkk har pr i dag ikkje vore analysert for sporedannande bakteriar. Høyringsnotatet nemner heller ikkje geitemjølkk spesifikt under punktet om sporedannande bakteriar. Me legg difor til grunn at dette berre er aktuelt for kumjølkk, slik det ofte er når det berre står "mjølkk" og ikkje "geitemjølkk" i Tine og media sine artiklar og skriv.

Vedvarande leveranse av mjølkk med dårleg kvalitet/ Midlertidig hentekarantene

Me forstår at Tine ynskjer å stoppa dårleg mjølkk frå å koma inn på tankbil og meieri. Det er ikkje bra at slik mjølkk reduserer lønnsmda i produksjonen. Slik sett bør stoppreglane endrast. Men kor mykje dei bør strammast inn er vanskeleg å seia, då ein også må ta omsyn til mjølkkprodusenten og hans utfordringar. Det må også takast omsyn til om det er bakterietal, frie feittsyrer eller celletal som er

for høgt, då det vil variera kor effektive tiltak ein kan setja inn, utan at det går ut over kvotefyllinga og inntektene til bonden. Det kan også ta tid å finna årsaka til dei høge verdiane, enten det er snakk om analyse av mjølkeprøvar frå alle dyra, eller søking etter teknisk feil/manglar ved mjølkeanlegg, mjølk tank eller mjølkerutinar. Det kan fort ta ei veke frå fyrste tankprøve med høge verdier for celletal eller frie feittsyrer, til effekten av mjølkeprøvar frå alle dyr og sortering av mjølka, syner att på neste tankprøve. Høgt celletal kan også vera påverka av feil i mjølkeanlegg, i tillegg til at beiteslepp og brunst fører til auka celletal hjå geitene. Når det gjeld høgt bakterietal, kan det vera kjapt å finna og retta feilen, men dersom det er tekniske årsaker, kan desse vera vanskelege å finna.

Etter ein gjennomgang av gjeldande stoppgrenser for geitemjølkk har me kome fram til at mjølkk kan stoppast tidlegare på bakgrunn av høgt bakterietal, men under føresetnad av at Tine held fram med dagens analysemetode. Tidlegare stopp kan gjennomførast ved at ein tek med berre dei 3 siste bakterieanalysane i det geometriske gjennomsnittet.

Stoppgrensene for frie feittsyrer bør ikkje endrast då dette oftast er problem knytt til fôringa, noko som kan vera vanskeleg å gjera noko med. Mjølkeprodusenten kan sortera ut mjølkk frå geiter som han/ho veit har høgt innhald av frie feittsyrer, men dette kan i sin tur kan gå ut over kvotefyllinga.

Celletalet kan svinga ein del i samband med beiteslepp og paring, og enkelte tankprøvar vil difor ha celletal over 2000' i løpet av året, noko som også dreg opp det geometriske gjennomsnittet for dei siste 12 månadene. På grunn av desse naturlege svingingane meiner me at stoppgrensa for celletal i geitemjølkk ikkje bør endrast.

Stoppgrense for frysepunkt geitemjølkk bør ikkje endrast, då det i fylgje høyringsnotatet ikkje er nemnt som noko problem med slik mjølkk.

Unormal mjølkk (lukt/smak, utsjånad eller bakteriar) meiner me blir stoppa raskt nok etter 2 påfylgjande prøveuttak med unormal mjølkk.

I tilfelle endring i stoppreglane med raskare hentestopp, meiner me at det må innførast midlertidig hentekarantene, der produsenten for ein kortare periode får betalt for å ta hand om mjølka mot normalt mjølkeoppgjær, slik at meieria unngår å få dårleg mjølkk inn i anlegga sine. Me legg då til grunn at Tine stiller med rådgjevarar og eventuelt teknikarar for å avdekka feil og manglar. Me legg også til grunn at Tine har eit effektivt varslingsystem som gjev produsenten melding når det er fare for hentestopp.

Betaling for historisk kvalitet eller for aktuelle leveransar

Me meiner at dagens nivå økonomisk omfordeling for kvalitetsbetaling er det beste for fellesskapet. Me går ut frå at det for geitemjølkk er høg celletal for utgjær mykje av skilnaden mellom avrekna og mottaken elitemjølkk. Som nemnt tidlegare vil celletalet på geitemjølka auka kring beiteslepp og paring, oftast over grenseverdiane for elitemjølkk for enkelte tankprøvar. Om geiebøndene skal avreknast for aktuelle leveransar i avrekningsmånaden, kan det i verste fall medføra tilpassingar med geiter som ikkje mjølkkar i beitesesongen, og geiter som blir avsina før paringa. Desse tilpassingane er neppe salsfremjande for geitemjølkkprodukt.

Dynamikk i tørrstoffbetaling

Me er nøgde med tørrstoffbetalinga for geitemjølkk slik ho er i dag, med tillegg og trekk i forhold til basisverdi. Me er samde i at Tine bør kunne justere betalinga i forhold til tørrstoffbehovet, men ikkje oftare enn ein gong pr år. Produsentane må vita kva tillegg og trekk dei får komande året for å planlegge fôringa ut frå det.

Tørrstoffbetalinga bør ikkje flyttast ut av kvalitetsregelverket og over i prislista for basispris og tilleggs- og trekktsatsar fordi geitemjølkk ikkje er kumjølkk. Me er redd geitebøndene vil tapa pengar på omlegging.

Kommunikasjon av tørrstoffbehov og satsendringar bør gjerast pr e-post til den enkelte produsent, i tillegg til pressemeldingar på medlemssidene til Tine. Dette bør gjerast i god tid før endringane trer i kraft, minimum 1 månad.

Kvalitetsbetaling, sesongtillegg og produksjon ut over kvote

Geitegruppa i Sogn og Fjordane Sau og Geit har motteke tal frå Tine som syner korleis leveranse ut over kvote fordeler seg på dei ulike fylka i 2013 og 2014, samt tal produsentar fordelt på overproduksjon i 2014. Tala syner at overproduksjonen er størst i utjamningssona (størst sesongtillegg) og at det var nokre få produsentar som sto for over halvparten av overproduksjonen av geitemjølkk i 2014. Dette tyder på at sesongtillegg og kvalitetsbetaling er så høge at enkelte finn det lønnsamt å produsera over kvote.

Geitegruppa synest det er uheldig og lite solidarisk at enkelte geitebønder produserer store mengder over kvote til eigen fordel, samstundes som næringa slit med overproduksjon og eit forholdstal på 0,97. Me vil difor be om at reglane for sesongtillegg og kvalitetsbetaling blir vurdert i forhold til produksjon ut over kvote.

Me legg til grunn at administrasjonen og konsernstyret set seg godt inn i forholda kring produksjon av geitemjølkk, før dei fattar vedtak om endring i kvalitetsgrenser og betaling for geitemjølkk.

Jo Risløv
Styremedlem

Sigurd Vikesland

Vidar Sandal

Ragnvald Søgnesand

Ingolf Folven